

Intervjureferat

Namn: Gunda Falao Sparre, leiar for Fylkeseldrerådet i Hordaland

Stad/Dato: Deloitte, Media City Bergen, 1. april 2019

Bakgrunn

- Sparre har vore leiar av fylkeseldrerådet sidan mars 2009, og var nestleiar før dette.
- Fylkeseldrerådet si oppgåve er å representere dei eldre i fylket. Fylkeseldrerådet er opptekne av TT-ordninga fordi ordninga vedkjem mange eldre brukarar.

Endringar i TT-ordninga i 2017

- Den viktigaste saka for Fylkeseldrerådet i samband med TT-ordninga har vore å fjerne ordninga der dei som vart innlagt på sjukeheim mista godkjenninga som TT-brukar med mindre dei var rullestolbrukarar eller blinde. Fylkeseldrerådet klaga dette inn til Hordaland fylkeskommune ved Samferdselsavdelinga, som sa at de skulle sjå på det når dei skulle revidere ordninga neste gang. Da framlegget til endra TT-ordning kom i 2017, blei Fylkeseldrerådet invitert til å skrive høyringssvar. Ut over å skrive høyringssvar hadde rådet ingen kontakt med Hordaland fylkeskommune i samband med endringa av TT-ordninga.
- I forslag til endring av forskrift om Transportordninga for funksjonshemma i Hordaland, var setninga om at brukarar mista godkjenning så snart dei hamna på sjukeheim tatt vekk, noko Fylkeseldrerådet var godt nøgd med.
- I samband med endringa av forskriftera var Fylkeseldrerådet bekymra for mogelege konsekvensar av å auke minstealderen for å få livsvarig godkjenning som TT-brukar frå 80 til 85 år. Fylkeseldrerådet var einige i endringa, men var redd for at de som allereie hadde fått innvilga livsvarig godkjenning, men som var under 85 år, no ville falle mellom to stolar og miste godkjenninga. Fylkeseldrerådet tok opp i høyringssvaret at dei ikkje stilte seg i mot endringa av minstealderen, men at den nye grensa måtte gjelde for nye søkjarar, og ikkje for dei som på tidspunkt for endringa allereie hadde fått livsvarig godkjenning fordi dei var over 80 år. Dette blei løyst ved at det blei vedteke at aldersgrense for livsvarig godkjenning fall vekk.
- Fylkeseldrerådet støtta forslaget til fylkesrådmannen om å innføre lik grunnkvote til alle brukarane, men med det unnataket som blei nemnt i innstillinga om å gje brukarar av elektrisk rullestol ein høgare kvote.
- Vidare støtta Fylkeseldrerådet forslaget om å flytte all saksbehandlinga knytt til TT-ordninga frå kommunane til fylkeskommunen. Etter Fylkeseldrerådet si meining vil dette kunne sikre betre vilkår for likebehandlingsprinsippet.

Positive aspekt ved TT-ordninga

- TT-ordninga er svært populær blant eldre brukarar som Fylkeseldrerådet representerer. Rådet har inntrykk av at nokre av brukarane nyttar TT-kortet på feil vis. Til dømes er det ikkje uvanleg at eldre brukarar nyttar kortet når dei skal til legen fordi det er lettare å dra TT-kortet enn å måtte fylle ut skjema knytt til pasientreiseordninga.
- Fylkeseldrerådet har inntrykk av at godkenningsprosessen for TT-brukarar fungerer godt.

Punkt for forbetring

- Fylkeseldrerådet har ikkje fått klagar på TT-ordninga frå brukarane dei representerer. Innspelet knytt til at eldre ikkje skulle miste godkjenninga når dei hamna på sjukeheim blei gitt på Fylkeseldrerådet sitt eige initiativ.
- I Fylkeseldrerådet sitt høyringsinnspelet i samband med endringane i TT-ordninga, godtok Fylkeseldrerådet innføringa av lik grunnkvote til alle brukarar, med unntak av brukarar av elektrisk rullestol. Fylkeseldrerådet synest det er rimeleg at rullestolbrukarar får større kvote enn andre brukargrupper.
- Fylkeseldrerådet meiner at brukarkotane burde bli auka. Dette vil vere særleg viktig for brukarar i distrikta, fordi dei ofte har lengre reiser, og fordi dagens kvote rekk til svært få reiser. Fylkeseldrerådet ble invitert av fylkeskommunen i møte 3. mai 2017 for å komme med innspelet i samband med at Hordaland skulle søke om å bli med i den utvida TT-ordninga. Det var ein munnleg dialog der Rådet for personar med nedsett funksjonsevne også var til stades. Det blei ikkje laga noko skriftleg frå dette møtet frå fylkeseldrerådet si side.

Fylkessamanslåinga

- Fylkeseldrerådet har merka seg at Sogn og Fjordane er med i den nasjonale utvida TT-ordninga, og rådet er spent på kva som kjem til å skje med ekstramidla til Sogn og Fjordane etter fylkessamanslåinga. Fylkeseldrerådet forventar at alle i nye Vestland fylke vert behandla likt, og at Hordaland òg blir omfatta av den utvida ordninga. Fylkeseldrerådet kjem til å be om å få kome med innspelet når nye felles retningslinjer for TT-ordninga i nye Vestland fylke skal utarbeidast.

Tilleggsinformasjon frå fylkeseldrerådet i samband med verifisering av referat:

- I fylkeseldrerådet si årsmelding for 2017, side 9, finn de den uttalen fylkeseldrerådet kom med i 2017 om forslag til endringar i TT-ordninga.
- I 2018 inviterte samferdselsavdelinga, i brev av 30.04.2018, fylkeseldrerådet til å koma med innspelet til søknad frå Hordaland fylke til Samferdselsdepartementet om utvida midlar til TT-ordninga. Fylkeseldrerådet kom med innspelet i brev datert 4. mai 2018. Hordaland fekk heller ikkje midlar dét året.
- I brev av 21.01.2019 til Hordaland fylke si samferdsleavdeling oppfordrar fylkeseldrerådet Hordaland fylke om å søkja om utvida TT-midlar også for 2019 ettersom Hordaland og Sogn & Fjordane skal bli eitt fylke, Vestland, frå 2020. Sogn & Fjordane fekk utvida TT-midlar i 2018.